

Møteprotokoll

Utval: Arbeidsmiljøutvalet
Møtestad: Hyllestad kommunestyresal
Dato: 25.08.2026
Tid: Kl. 14:00 - 14:40

Møteleiar:	Thorsnes, Rune
-------------------	----------------

Medlemer: i

Anette Glavær
Flage, Gjermund
Hatlem, Hildegunn
Solås, Elin Garnes
Thorsnes, Rune
Unni Kvellestad Akse

Forfall meldt frå følgjande medlem

Horne, Rolf
Siv Åshild Fristad

Følgjande varamedlem møtte

Fløholm, Linn Christin

Andre:

Fløholm, Linn Christin

Merknader:

Linn Christin Fløholm møtte frå kl. 14:15.

Møtereferent: Elin Garnes Solås

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
26/010	Godkjenning av innkalling
26/011	Godkjenning av sakliste
26/012	Godkjenning av protokoll frå førre møte
26/013	Referatsaker
26/014	Aktuelle saker - informasjon frå kommunedirektør og hovudverneombod
26/015	Oppfølging av nøkkeltal

26/010: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik dei ligg føre.

Arbeidsmiljøutvalet 25.08.2026

Handsaming:

Samrøystes.

AMU- 26/010 VEDTAK:

Innkallinga vert godkjent slik dei ligg føre.

26/011: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Arbeidsmiljøutvalet 25.08.2026

Handsaming:

Samrøystes.

AMU- 26/011 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

26/012: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Arbeidsmiljøutvalet 25.08.2026

Handsaming:

Samrøystes.

AMU- 26/012 VEDTAK:

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

26/013: Referatsaker

Referatsakene vert tekne til orientering.

Arbeidsmiljøutvalet 25.08.2026

Handsaming:

Samrøystes.

AMU- 26/013 VEDTAK:

Arbeidsmiljøutvalet tek referatsakene til vitande og oppmodar om at funna i vernerundane blir fulgt opp.

26/014: Aktuelle saker - informasjon frå kommunedirektør og hovudverneombod

Arbeidsmiljøutvalet tek informasjonen til vitande.

Arbeidsmiljøutvalet 25.08.2026

Handsaming:

Kommunedirektøren orienterer:

- Økonomiplanprosessen framover. Informasjon om at Havbruksinntektene truleg blir 10 millionar mindre enn budsjettet, noko som gjer arbeidet for å få budsjettet til å gå i balanse blir vanskelegare framover. For å klare å spare så mykje pengar som vi må, vil dette truleg gå ut over tilboda våre/ redusere bemanning.
- Røykfri kommune - samfunnsplanen seier noko om folkehelse, og vi planlegg å innføre røykeforbod på alle kommunale arbeidsplassar og uteområda (utover det som ligg i røykelova). Tilbakemelding i AMU er at dette er positivt, bør gjelde snus, vaip/esigarettar også.

AMU- 26/014 VEDTAK:

Arbeidsmiljøutvalet tek informasjonen til vitande.

26/015: Oppfølging av nøkkeltal

Arbeidsmiljøutvalet 25.08.2026

Handsaming:

Orientering om **sjukefråværet** - samla 2026 per dato: 6,2 %

Institusjonen, 9,7 %

Heimesjukepleien, 7,7 %

Miljøtenesta, 8,4 %

Skulen, 5,8 %

Barnehagen, 7,4 %

Reinhald, 3,6 %

Drøsing kring ulike folkehelseiltak, m.a. røykeforbod. Tilsette har også gratis tilgang til treningsrommet, men det viser seg at enkelte har litt sperre for å trene åleine/ bruke apparata feil. Ønskeleg med litt rettleiing.

Det vart òg påpeika at kultur også er folkehelse.

Økonomi - ser ut til at vi per 2. kvartal 2026 ligg med eit overforbruk på rundt 3 millionar. Dette, saman med innsparingstiltak og mindre inntekter frå Havbruksfondet, vanskeleggjer det økonomiske arbeidet framover. Viser til førre punkt.

Kommunebarometeret - her gjer Hyllestad kommune det dårleg. Det same gjer dei fleste småkommunar. I mange av måleparametera er data prikk (konfidensielle), og då blir det negativt score for vår kommune, som gjer at ein hamnar lågt på liste. Barometeret har difor liten verdi, og vi legg ikkje særleg vekt på målingane.

AMU- 26/015 VEDTAK:

Arbeidsmiljøutvalet tek informasjon til vitande.